



Imponerende opptreden i kampen mot Fitjar av desse flotte fotballgutane!

I fotballen har det dei seinare åra blitt fokusert på FairPlay. Gjennom treningar og kampar vert det lagt vekt på at det er viktig å vise god sportsånd. Rosendal Turnlag deler kvar måned ut ein FairPlay-pris til eit lag som viser særst god sportsånd. I oktober vart G-2000-laget tildelt denne prisen, og dei får 1000 kr som dei kan bruka til å kosa seg med.

Det er 6 gutar frå Uskedalen som spelar på dette laget som vert trena av uskedelingane Tor Gundersen og Kjell Erik Taranger. På biletet over er dei plassert slik: Framme frå venstre: Jonas Ridzevicius, Ingar Høyvik Eik, Joakim Myklebust, Mats Løland Eik og Jakob Taranger. Bak: Tor Gundersen(t.v.), Torstein Myklebust (nr.5 f.v.) og Kjell Erik Taranger(t.h.)

Dei andre på laget er: Andreas Ølvestveit, Asgeir Vågen, Oskar Gjekteberg, Noah Hass Solheim, Petter Japp og Sigbjørn Dahle.

Laget har gjennom heile sesongen vist flott sportsånd, og i kampen mot Fitjar 5.oktober oppstod det ein situasjon der dette verkeleg kom til syne. Laget kom dårleg i gang og kom under resultatmessig. Laget arbeidde hardt, og dei pressa på for å få mål. I eit angrep vart Fitjar-keeperen skada. Rosendal/Uskedal fekk ikkje scoring i dette angrepet, men vann ballen, og dermed gjekk dei på nytt i angrep. Fitjar-keeperen låg skada på banen, og då spelarane såg dette ropa dei til kvarandre at dei måtte spele ballen utover sidelinja. Dette vart gjort. Dermed kunne den skadde Fitjar-keeperen få den hjelpa han trong.

Imponerende vurdert av dei unge fotballspelarane! Dei såg det var viktigare at den skadde motstandaren fekk hjelp enn at dei fekk ein stor målsjanse. Eg er sikker på at alle som såg kampen hugsar laget for måten dei opptredde på i akkurat denne situasjonen.

Utan tvil fortente FairPlay-vinnarar!!

Du kan og lese om dette på [Rosendal Turnlag si heimeside](#).

Av: Thor Inge Døssland.